

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Voss

Emne:

Bygdelag: Kvittlæ.

Oppskr. av: Johannes Lid

Gard: Lid

(adresse): Botanisk Museum, Oslo

G.nr. 189 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, slik som eg minnest det frå 1890--åra.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):


SVAR

- 1 og 2. Ikkje noko samnamn, det måtte då vera at dei sa Attaotfôring, å fôra attaot.
3. å skava, eg skjevo, me skava; eg skov, me skovo; eg ha skove, me ha skove.
4. På Lid vart det slutt på skavinga ikring 1898-1900. Før var det vanleg, og det ikkje berre i ringe forår, men som fast arbeid om vinteren.
5. På Lid var det berre raun og osp som vart skave. Det veks ikkje andre treslag høvelege til å skava der, men han far som var frå Opland, og ho mor som var frå Bjørgum, var der i sine unge dagar vane med å skava alm og ask som begge på Voss vert rekna for å gje betre skav enn osp og raun. Ingen ville finna på å skava furu, gran, or eller bjørk. Eg trur heller ikkje at dei skov hatl og selje, knapt nok hegg.
6. Nei, skav og skjevlar var berre samnamn.
7. Andre kan svara betre på dette enn eg.
8. Hesten fekk aldri skav. Men kyrne, og aller helst smalen og geitene. Det var om vinteren det vart brukt skav, helst midtvinters. Skavet vart gjeve for seg, ikkje saman med anna fôr.
9. Mykje skav kunne gje smak på mjølka og smøret, helst skav av raun.
10. Raunen skov vi av den raun som var køyrd heim i vedakosten saman med annan ved. Osp kunne vi derimot henta serskilt i Ospedusen oppe under Fossen når tida var til å skava om vinteren.
11. Veden til skaving heiter mork på Voss.
13. 14. ?
15. Ospestokkane skov vi ute i tunet, men smaomorkjæ heldt vi til med inne i stova.

16. Til ospestokkane nytta vi bandakniv, til å skava skjevlane alltid skavljaø. Bandakniven hadde to like handtak, det var den same bandakniven som elles vart brukt til ymse andre gjeremål. Skavljaøen var vel helst ein stutturv som det var balla ei tjukk fille eller klut om inne med kjortet så det vart handtak der. Eller det kunne vera ein avbroten lang-orvsljå. NB. Slipesteinane var komne i ålment bruk lenge føre mi tid på Voss, og då ein ljå sjeldan varde meir enn 5-6 år, minnest ikkje eg at det fanst tynslsljå på Lid. Her vil eg skyta inn at nemninga "tunne" ljå enno var vanleg i bruk på Lid fyrst i 1890-åra, i st. for nyslipte som det heitte sidan. Og tilsvarande "tjukke" ljå i st. for utskjemde.

17. "Hesjaved" var ukjent på Lid. Eg minnest nok at det fanst "faste" hesjar, og at dei i Bort^egarden og i Sveo batt opp hesjane om våren, men det vart slutt med det dei fyrste åra etter 1890. Det vart brukt noko træhesjar (hesjegarn eller streng), men mest nabbahesjar med lause 4-alningstroer. Det seiest at det skulle vera han bestefar, Josef Bjørgum (1817-1876) som tok til å skjera slikt hesjetro av fem-kvartsbord slik at troene vart 5/4 tomme i firkant.

Ospestokkane som var noko tjukke då, vart fyrst korpa, med det at noko av det ytre grove korpet vart skrubba av med bandakniven før sjølve skavinga tok til. Til å skava markaved^{de} vart brukt skavkrakk som var laga serskilt til det bruk. Eg minnest vel at han far laga den skavkrakken ~~va~~ hadde på Lid. Han hadde tre føter, og såg om lag slik ut:



Bror min, Josef O. Lid heime på Lid har eit bilete (målarstykke av Nils Bjørgum) av ein mann som sit på skavkrakken og skjev. Biletet er måla på Bjørgum i 1885, og mannen som skjev heiter Arnved Vivås (f. 1847) som var dreng på Bjørgum då.

Mork er eit
samnamn, i
eintal hei-
ter det
markakjepp.

19. Når ein skjev mork, held ein ljaen med venstre handa framom pinnen i krakken såleis at handa med handabaken opp kjem inn til pinnen på venstre sida. Markakjeppen held ein² høgre handa og dreg han fram og attende under ljaen. Når ein har skave den eine enden av kjeppen, snur ein den og skjev den andre enden.
20. Førre skavinga er det mork, etter skavinga er det skjevlar; ein skjevle, fl. skjevlar.
21. Borken som er skaven av heiter skav, (eit) skav, skavet. Det vert mest brukt som masseord, ikkje i eintal.
22. Beste skavet er av grannare kjepper, dei vart hogde alnlange. Men både av raun, og endå meir av osp vart grovare strengar og ospestokkar skavne, og då oftast i lengder på fleire alner.
23. Kjepper på ca 2-5 cm tjukkleik heitte skjevlar når dei var skavne. Ein skjevle, fleire skjevlar. Når tjukna er 8-10-12 cm og det ikkje er kappa opp i alnalengd, heiter det strengar, ein strangje, fleire strengar både førre og etter skavinga. Var tjukna over ~~12/15~~ 12-15 cm, heitte det stokk, eller vel helst kubb; ja det var kubb, kubbar vi sa.
24. Dei som var flinke til å skava, tok borken så fint av skjevlen dersom han ikkje var for grann. Dei grannaste skjevlane ville det gjerne fylgja litt av veden ~~med~~ skavet.
25. Skjevlane vart brukte til ved. Skjevlane turka snøggare enn ved med borken på. Dertil kom at når ein fyrst hadde dei inne i stova, så brukte mange å lø eit lag med skjevlar i ei grind over omnen i stova. Då kunne dei få skjevlane heilt turre på nokre få veker om vinteren. Men elles lødde dei skjevlane opp i vedhuset eller oppmed veggen. Frå eg var liten minnest eg at det var liksom ein hugnad å sjå dei fine blanke skjevlane liggja i lad oppmed veggen eller i skukken hos folk, kanskje helst hos husmenn. Det å *ha* skikkelege og rikelege vedlad tok vi alltid som merke på at det var ein mann som heldt greie på og orden i sine ting. Såleis var det i Oplandshagen hos han Lars, og slik var det hos han Sjur i Haugateien.
26. Som nemnt (sp. 4) er det no over 50 år sidan dei skov mork på Lid.

Oslo 29 mai 1954.

Johannes Lid

9543